

## DETALJREGULERING FOR ØLMEDAL CAMPING – OPPSUMMERING AV KORRESPONDANSE OM TRAFIKK OG TRAFIKKTRYGGLEIK

**Statens vegvesen, 12.09.19**

Fv. 4758 som går gjennom planområdet har fartsgrense 80 km/t og ÅDT på 100. Det må leggjast til grunn at trafikkmengda er større i ferisesongen. Vegvesenet legg til grunn at det i planforslaget er vald dimensjoneringsklasse lokalveg L1, med 4 m kjørebanebreidde for fylkesvegen.

Plankartet viser eit kryssingspunkt for mjuke trafikantar over fylkesvegen, fortau langs avkjørsla mot nedsida og ein 1,5 m brei gangveg mot oppsida. Gangvegen kjem på skrå ned mot fylkesvegen, og det er ikkje sikt i kryssingspunktet. Det er ikkje vist avbøtande tiltak for å hindra kryssing av fylkesvegen andre stader. Kryssingspunkt for mjuke trafikantar er ikkje tilfredsstillande løyst i planen. Statens vegvesen fremjar **motsegn** mot planen med bakgrunn i trafikktryggleik for mjuke trafikantar, og manglande utformingskrav etter vegnormalen. Dei rår til at det blir gjort tiltak internt i campingområdet for å hindra at mjuke trafikantar kryssar vegen andre stader.

Planområdet er utvida slik at ny tilkomst frå utvida campingområde til fylkesvegen er teke med i planen. Planforslaget syner 1 m sideterreng, mens eigedomsgrensa i kartbase syner 3 m langs vegen. Ifølge veglova § 50 skal grense for vegområdet til offentlig veg ikkje koma nærare vegkanten enn 3 m. Planen må endrast i tråd med dette.

Veganlegg som omfattar fylkesveg må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming. Dersom ein ikkje klarar krava i vegnormalen, må det søkjast om fråvik. Ny regulert tilkomst til fylkesvegen har ikkje målsett radius. Tilkomsten må minimum dimensjonerast for lastebil, køyremåte C.

To eksisterande avkjørslar er planlagt stengde. Vegvesenet rår til at stengde avkjørslar vert vist på plankartet.

Planen legg til grunn at fartsgrensa vert redusert og viser siktsoner på 6x60 m. Vegvesenet har vurdert fartsgrensa på strekinga, og konkluderer med at denne kan endrast frå 80 til 60 km/t med bakgrunn i aktiviteten langs vegen gjennom planområdet. Siktsoner på plankartet må endrast til 6x65 i tråd med N100. Føresegnene må stilla rekkjefølgjekrav til vedtak om redusert fartsgrense.

Område for avløpsanlegg er vist langs fylkesvegen innanfor regulert byggjegrænse, lagt under bakken. Dei minner om veglova § 30, som seier at regelen i § 29 om byggjegrænse også gjeld slike anlegg. Areal for slamavskiljar må derfor plasserast utanfor regulert byggjegrænse, og tilkomst til slamavskiljar bør etablerast internt på campingområdet.

I planforslaget er det lagt inn gul støysone langs fylkesvegen. Vegvesenet rår til at det blir gjort nye utgreiingar av vegtrafikkstøy, der ein legg til grunn ei fartsgrense på 60 km/t. Dersom det er naudsynt med tiltak mot støy, må tiltaka visast på plankartet,

og det må stillast konkrete krav til innan- og utandørs støygrense i tråd med T-1442.

*Norconsult sine kommentarar*

*Motsegn er knytt til trafikktryggleik for mjuke trafikantar. I plankartet er det gjort følgande endringar for å komme motsegna i møte:*

**Gangveg:** *Kryssingspunkt flyttast bort frå avkøyringa, (sørover) og er plassert 90° på fylkesvegen med siktsoner 65x1,2m. Gatelys etablerast som sikringstiltak i tillegg til ledegjerde og sykkelsluse.*

***Anna veggrunn:*** *Breidde på SVG er endra frå 1m til 3m på begge sider av fv.4758 Ny avkøyrsløse: Frå fv.4758 til Tårnstølvegen er det regulert inn avkøyrsløse i planen. Denne er eksisterande tilkomst til eit bustadhus i tillegg til veg til øvre del av campingplassen. Radier og siktsoner er målsatt i plankartet.*

***Stenging:*** *To tidlegare avkøyrsløse vert stengt og markert med RPJURPUNKT 1241 i plankartet.*

***BAV:*** *Avsett areal til nytt avløpsanlegg som var regulert inn ved fv.4758 er flytta til rett side av byggegrense.*

***Støy:*** *Då det framleis er 80-sone på fylkesvegen er ikkje støysona endra. Ved ei ev. nedsetting av fartsgrensa vil støy frå veggen bli redusert.*

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

*Frå 01.01.2020 er det fylkeskommunen som har forvaltningsansvaret for fylkesvegane. Dette gjeld m.a. Ølmedalsvegen. I [brev datert 07.02.2020](#) til Rogaland fylkeskommune har kommunen gjort greie for dei endringane som er gjort i planen for å imøtekomme vegvesenet si motsegn:*

**Gangveg:** *Kryssingspunkt er flytta bort frå avkøyringa på vestsida av fylkesvegen (SKV2), og er lagt 90° på fylkesvegen.*

*Dimensjoneringsklasse L1 med 4 m kjørebanebreidde er vald for fylkesvegen. Etter handbok N100 vil dette gi krav om ei stoppsikt på 105 m, både for fartsgrense på 80 og 60 km/t. Lagt til grunn krava for gangfelt, vil siktkravet bli 1,2 x stoppsikt, dvs. 126 m og siktsona bli 2x126m. (N100: Sikt til gangfelt skal være 1,2 ganger stoppsikt. Sikten bør tilsvare en sektor som dekker hele gangfeltet og minst 2 m utenfor kantlinje/fortauskant).*

*Hø2 med vegbreidde på 4 m og fartsgrense 60 km/t har krav til stoppsikt på 65 m. Dvs. langt mindre strengt krav. ÅDT på fylkesvegen er 100. Kan det vera aktuelt å leggja dette kravet til grunn her? Me ber om ei tilbakemelding på det.*

*Gateljos skal etablerast som sikringstiltak, i tillegg til ledegjerde og sykkelsluse. Dei to sistnemnde tiltaka går fram av plankartet.*

*I føresegnene er det teke inn følgande rekkjefølgjekrav:*

*Før det vert gitt løyve til nye mobile campingeiningar, til vesentlege endringar av eksisterande mobile campingeiningar eller til nye stasjonære campingeiningar skal*

*det liggja føre vedtak om nedsett fartsgrense til maks. 60 km/t.*

I brevet er det og orientert om dei andre endringane som er gjort i planen på bakgrunn av uttalen frå vegvesenet. Dette gjeld: anna veggrunn, stenging av avkøyringar, avløpsanlegg, siktsoner, vegtrafikkstøy og avkøyringa Tårnstølvegen (SKV1)/fylkesvegen.

*Det er sett som rekkjefølgjekrav at: Avkøyring frå fv. 4758 til Tårnstølvegen skal vera opparbeidd og godkjend av Rogaland fylkeskommune (ev. vegmyndigheit eller anna dekkande formulering) før det vert gitt bruksløyve til campingeiningar i BC4.*

I brev datert 18.03.2020 svarar Rogaland fylkeskommune på kommunen sitt brev.

Nedanfor er brevet oppsummert. Kommunedirektøren sine merknadar står under kvart punkt.

**1.** Fylkeskommunen syner til at vegnormalane etter forskrift i veglova § 13 skal gjelda for all planlegging og bygging av vegar i det offentlege vegnettet. Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krav stilt i handbøkene «N100 Veg- og gateutforming» og «V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss». Ny utgåve av handbok N100 var gjeldande frå mai 2019.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

På eit av punkta nedanfor (pkt. 8) er det ikkje samsvar med dei krava vegvesenet har stilt i sin korrespondanse med kommunen i denne saka og dei krava fylkeskommunen no kjem med. Andre punkt har ikkje vegvesenet kommentert, mens fylkeskommunen no kjem med krav.

**2.** Veganlegget knytt til planen må vurderast på nytt.

Etter N100 kan tabell C.9 leggjast til grunn for dimensjoneringsklasse L1 ved fartsgrense 60 km/t. Tabell viser krav om stoppsikt på 75 meter. Sikt ved kryssingspunktet skal vera som sikt ved ei gangfeltkryssing. Kravet til sikt er då minimum 90 meter. Dei rår til at den sikta som er vist på plankartet på 2 x 126 meter vert oppretthalden av omsyn til trafikktryggleik.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Siktsonene på 2 x 126 meter vert oppretthaldne.

**3.** Det må stillast rekkjefølgjekrav om at fartsgrensa på strekningen skal reduserast frå 80 km/t til 60 km/t før tiltak på campingplassen kan tillatast. Dette er gjort i dei reviderte føresegnene og er dekkande. Kommunen må senda Rogaland fylkeskommune ein søknad som grunngjer kvifor det er formålstenleg med redusert fartsgrense på strekningen forbi campingplassen. Fylkeskommunen vil så senda saka vidare til Statens vegvesen for behandling og vedtak.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Dette går allereie fram av vårt brev datert 07.02.2020. I tillegg er det no presisert at skilting skal vera gjennomført før det kan tillatast nye tiltak. Søknad om å setja ned fartsgrensa til 60 km/t vart send til fylkeskommunen, som vidaresende den til Statens vegvesen med positiv innstilling. I brev datert 22.09.2020 gjer Statens vegvesen

vedtak om 60 km/t fartsgrense mellom brua over Hustveitelva og Tårnstølvegen. Skilt er no kome på plass.

4. Det må sikrast i føresegnene at det skal lagast skiltplan og oppmerkingsplan for tiltaka som omfattar fartsreduksjon, sykkelsluser, ledegjerde mm. og ein plan for ljosssetjing for strekningen etter gjeldande krav.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Det er teke inn følgjande føresegner i:

- pkt. 3.2.1 «Det skal utarbeidast plan(ar) for skilting, oppmerking og ljosssetjing i tilknytning til fv. 5748. Planane skal omfatta skilting, sykkelsluser, ledegjerde, ljosssetjing mm. Skilt som viser svingeforbod til høgre i SKV1 må inkluderast i skiltplanen, jf. pkt. 3.2.5.»

- pkt. 3.2.2 «For gjennomføring av tiltak i tilknytning til fv. 5748 skal det utarbeidast teikningsgrunnlag i tråd med handbok R700.»

- pkt. 3.2.3 «Alle planar for tiltak som berører fv. 4758 skal sendast vegmyndigheita for gjennomsyn.»

5. I føresegnene står det at gangvegen omfattar ein 1,2 meter brei grusa gangveg. Dersom gangvegen skal driftast og haldast ved like av Rogaland fylkeskommune må den opparbeidast som gang- og sykkelveg etter krava i N100. Gang- og sykkelvegen må asfalterast minimum 3 meter inn frå kjørebaneanten til fv. 4758. Føresegnene må endrast.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Gangvegen skal ~~ikkje~~ driftast og haldast ved like av Rogaland fylkeskommune. Dette er eigar av campingplassen sitt ansvar.

Pkt. 3.2.7 vert endra til: «Arealet omfattar 1,2 m brei gangveg. Den skal asfalterast minimum 3 meter inn frå kjørebaneanten til fv. 4758. Naudsynt skjering og fylling kan leggjast til tilgrensande føremål.»

6. ROS- analysen viser at det er fare for trafikkulukker i hovudsak knytt til mjuke trafikantar som må kryssa fv. 4758. For å styra desse mot det tilrettelagde kryssingspunktet, må det gjerast tiltak elles langs vegen som t.d. avgrensing med gjerde eller leplanting.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

I brevet datert 07.02.2020 til fylkeskommunen skriv kommunen: «*Gateljos skal etablerast som sikringstiltak, i tillegg til ledegjerde og sykkelsluse. Dei to sistnemnde tiltaka går fram av plankartet*».

7. Det må stillast rekkjefølgjekrav om at det tilrettelagde kryssingspunktet for mjuke trafikantar og avkjørslene SKV2 og SKV3, skal vera opparbeidde før nye tiltak på campingplassområdet kan tillast.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Nytt punkt i føresegene (rekkjefølgjekrav) pkt. 5.1.3: «Avkjøringane SKV2 og SKV3,

krystingspunkt for mjuke trafikkantar på fv. 4758 med gangveg (SGG 1 og 2), ledegjerde, sykkelsluse, ljøs skal vere opparbeidde før nye mobile campingeiningar, vesentlege endringar av eksisterande mobile campingeiningar eller nye stasjonære campingeiningar kan tillatast.»

**8. Avkjørslene innanfor planområdet skal etter N100 byggjast med same krav til vertikal linjeføring som kryss. Sikt i uregulert t-kryss skal sikrast i samsvar med figur D.6. Fylkeskommunen ber om at siktsoner på min. 20 x 75 m og 6 x 75 m blir regulera inn på plankartet og målsette. Siktkrava føreset at fartsgrensa blir redusert frå 80 km/t til 60 km/t.**

*Hjørneavrundinga i avkjørslene skal utformast som ei enkel sirkelkurve med radius lik 9 m. Kurveradiusane skal målsetjast på plankartet.*

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

I brevet datert 12.09.19 skreiv Statens vegvesen at siktsonene på plankartet måtte endrast til 6 x 65 m i tråd med N100. Derfor la Norconsult og kommunen dette til grunn for plankartet.

Siktsonene vart derfor regulert med 6 x 65 m, og hjørneavrunding med radius = 4 m.

Dette er altså ikkje fylkeskommunen nøgd med og ber om siktsoner på min. 20 x 75 m og 6 x 75 m og svingradius på 9 m.

I e-post datert 27.03.2020 stiller kommunen spørsmål ved desse krava og viser til at dette vil ta mykje areal og også medføra at eksisterande campingvogner må fjernast. I svaret sitt

(e-post datert 01.04.2020) skriv fylkeskommunen: *Utforming av avkjørslene innanfor planområdet avhenger av type, størrelse og mengde kjøretøy som skal trafikkere avkjørslene. Dersom Vindafjord kommune mener ÅDT < 50, eller at det ikke er en stor andel lastebiler eller vogntog som skal inn og ut på campingplassen kan atkomstene utformes som avkjørslar, uten kryssutforming. Radius dimensjoneres deretter.*

Trafikkmengda er langt mindre enn ÅDT på 50. Dette er stadfesta av Sverre Hustveit, eigar av campingplassen. Kommunen legg derfor til grunn at SKV2 og SKV3, tilkomstane til fylkesvegen frå campingplassen, er avkøyringar og ikkje kryss.

Vidare skriv fylkeskommunen:

*Statens vegvesen skriver at siktsoner på plankartet må endres til 6 x 65 i tråd med N100. Iht. Tabell C.9 skal stoppsikten være 65 meter ved horisontalkurveradius 125 - 175 meter. For rett strekk blir den 75 meter. Konsulenten må vurdere stoppsikten utifra riktig horisontalkurveradius iht. Tabell C.9.*

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Då dette er ein rett strekning, blir siktsonene i SKV1 og SKV2 endra til 6 x 75 m. Dette vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for eksisterande tiltak.

Svingradius på avkøyringa Tårnstølvegen (SKV1)/fylkesvegen vert kommentert nedanfor.

**9. Det må asfalterast min. 3 meter inn i avkjørslene frå kjørebaneanten til fv. 4758. Setning 2 i føresegnene 3.2.3 må gå ut.**

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Endra føresegn: pkt. 3.2.7 «Arealet omfattar 1,2 m brei gangveg. Den skal asfalterast minimum 3 meter inn frå kjørebaneanten til fv. 4758.»

Tilsvarande vert 3.2.2 endra til: SKV1: «Avkjørsla frå Tårnstølvegen er regulert for vogntog. Den skal asfalterast minimum 3 meter inn frå kjørebaneanten til fv. 4758.»

**10.** Forskrift T1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, skal leggjast til grunn i planarbeidet. Dette må sikrast som eige punkt i føresegnene. Kommunen har vurdert at redusert fart på strekningen fører til redusert støy og at det dermed ikkje er nødvendig med ei ny utgreiing av trafikkstøy.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

I føresegnene 4.1.2 sto det: «Støysone H220 omfattar gul sone. Det er ikkje tillate med plassering av nye campingeininger innanfor sona.»

I tillegg til campingeininger regulerer planen den eine bustadeigedomen heilt i sør. Dette er eit eksisterande bustadhus og planen opnar ikkje for vidare utbygging.

Gul sone refererer til rettleiar T-1442. Dette er teke inn i revidert føresegn pkt. 4.1.2: «Støysone H220 omfattar gul sone i samsvar med T1442/2016. Det er ikkje tillate med plassering av nye campingeininger innanfor sona.»

I pkt. 2.3 er det teke inn følgjande føresegn: «Innandørs og utandørs støy skal vera innanfor krava i rettleiar T-1442, "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Ved byggjesøknad må det dokumenterast tilfredsstillande støynivå for både bygningar og uteopphaldsareal.»

**11.** Byggjegrensa langs fv. 4758 på 15 meter, må målsetjast på plankartet. Dei ber om at den føreslåtte føresegna blir supplert med teksten: «*Innanfor byggjegrensa må det ikke uten særskilt tillatelse plasseres byggverk eller annen større innretning iht. Vegloven, kommentarutgaven, § 30 første ledd.*»

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Byggjegrensa på 15 m er målsett i kartet.

§ 30 i veglova har følgjande ordlyd: «Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning ikkje plasserast innafor byggjegrensar som er fastsette i eller med heimel i § 29.»

Det er teke inn følgjande føresegn i pkt. 3.1.4 «Innanfor byggjegrensa må det ikkje utan særskilt løyve plasserast byggverk eller annan større innretning, jf. veglova § 30 første ledd.»

**12.** Tårnstølvegen (SKV1) skal minimum dimensjonerast for lastebil, kjøremåte C. Dersom vegen skal trafikkerast med vogntog må den dimensjonerast for dette.

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Det går fram av brevet vårt datert 07.02.2020 til fylkeskommunen at denne avkøyringa vert regulert for vogntog.

Tårnstølvegen er ein skogsbilveg der det er tillate å køyra med vogntog. Fylkesveg 4758 har bruksklasse Bk8 og tømmer må i dag kjørast ut til fv 46 for omlasting. Tømmertransport vil gå kortaste veg frå Tårnstølvegen til fv. 46, dvs. langs austsida av Ølmedalsvatnet i dag, men også om Ølmedalsvegen vert oppgradert. Løyve til fråvik for svingradius vart gitt av Samferdselsutvalet i møte 26.08.2020. I føresegnene pkt. 3.2.5 er det sett krav om at det

skal setjast opp skilt som viser forbod mot å svinge til høgre (nordover) for vogntog som kjem frå SKV1 pga. utilstrekkeleg trafikkareal.

**13.** Dei ber om at føresegna 5.1.4 blir endra til: «Avkøyning frå fv.4758 til Tårnstølvegen skal vere opparbeidd og godkjendt av vegmyndigheten før det vert gitt bruksløyve til campingeiningar i BC4.»

*Kommunedirektøren sine merknadar:*

Tidlegare sto det i slike føresegner at tiltak skal vera godkjende av Statens vegvesen. Spørsmålet var om kva ordlyd føresegne skal ha etter at fylkeskommunen har overteke. Det er avklara at det no skal stå «godkjent av vegmyndigheita».

Pkt. 5.1.3 er endra til: «Avkøyning SKV1 frå fv. 4758 til Tårnstølvegen skal vere opparbeidd og godkjend av vegmyndigheita før det vert gitt bruksløyve til campingeiningar i BC4».

Dei endringane det er gjort greie for ovanfor vart sende til fylkeskommunen i brev datert 25.09.2020. **I brev datert 23.10.2020 trekkjer Rogaland fylkeskommune motsegna mot planen.**